

«Bokutdrag: Den norske slavehandelen»

av **Anders Totland**, illustratør **Kristian Krogh-Sørensen**

Tekstar i dette opplegget:

«Den norske slavehandelen» av Anders Totland.

Ev. samanlikning med «Kvinnekamp mot slaveriet» av Marta Breen

Mål med opplegget: Å vekke elevanes interesse for sakprosa

- gjennom at elevane set ord på personlege leseopplevingar
- gjennom at elevane diskuterer tema som blir tatt opp i teksten
- gjennom at elevane bruker sakprosaetekstar som inspirasjon og modell for egne tekstar

FØR:

Sjå på bokomslag, tittel, sjangerlogo og snakk om forventningar til utdraget.

Samtalen kan konkretiserast med utgangspunkt i spørsmål som:

- Kva legg de merke til på framsida av boka?
- Kva for tankar får de når de ser på biletet?
- Kva slags inntrykk får de av personane på framsida?
- Kva og kven trur de utdraget dreier seg om?
- Kva tenker de når de høyrer tittelen Den norske slavehandelen?
- Kva trur de at ei bok med denne tittelen handlar om?
- Kor trur de handlinga går føre seg? Og om lag når?

Boka handlar om korleis nordmenn tok del i slavehandelen og i kva grad Noreg var involvert, som del av Danmark-Norge.

- I kva grad var de klar over at Noreg og nordmenn var involvert i handel med slavar?

Sjangeren er sakprosa.

- Kva veit de om denne sjangeren?
- Kva slags sakprosa-bøker har de lese?
- Kva slags forventningar har de til ei bok i denne sjangeren?

I forordet til boka skriv Anders Totland om metoden sin:

«Når eg skriv om desse personane og livet deira, bygger eg sjølvst på det me veit. Men same kor godt arbeid historikarane og forfattarane før meg har gjort, er det mykje me aldri kan få vita heilt sikkert.

Kva menneska tenkte og følte for fleire hundre år sidan, kan me berre tenka oss til. Der eg har gjeve personane i historia tankar og kjensler, har eg gjort det med utgangspunkt i det me veit, og korleis eg trur det kan ha vore.» (Totland s. 5. Sjå hele forordet [her](#))

- Kva synest de om denne metoden?

UNDERVEGS:

Set strek i margen når du les ...

- noko som overraskar deg
- noko som gjer inntrykk på deg
- noko du lurar på

ETTER:

1. Snakk kort om teksten i heil klasse
Klassesamtale.

Gje elevane moglegheita til å ta opp ting dei lurte på mens de las, slik at alle har ei førebels forståing av innhaldet i teksten.

2. «Stille lesesirkel»
Gruppearbeid.

Elevane går i grupper på 3–4 elevar som skal samarbeide om å lage ein «stille» lesesirkel, dvs. ein lesesirkel der dei ikkje får lov til å snakke, men berre skrive til kvarandre.

Kvar elev treng eit ark, noterer namnet sitt øvst i venstre marg og kan òg skrive «Hei» øvst på sida, ev. følgt av namn på gruppemedlemmane for å understreke det autentiske elementet. Elevane får no 1–2 minutt til å skrive om leseopplevinga si. Dei kan skrive tankar, kjensler, spørsmål eller andre reaksjonar på teksten dei har lese – heilt utan å snakke. Dei bør skrive med leseleg skrift og bruke så mykje av tida som mogleg til å skrive.

Når tida er ute, skal alle elevane sende teksten sin mot venstre, til den eleven som sit der. Elevane les arket dei har fått, skriv namnet sitt i venstre marg og får deretter 1–2 minutt til å reagere på teksten til naboen: Dei kan skrive ein kommentar til teksten, fortsette tankerekkje, skrive om dei er einige eller ueinige, stille spørsmål eller ev. sette i gang ei ny tankerekkje.

Etter tre rundar kjem arket att til eleven som starta å skrive på det. Vedkommande les tekstane og set strek under ei setning på arket – den setninga som eleven synest er mest interessant og som han/ho har lyst til å diskutere vidare i gruppa.

Deretter får elevane endeleg lov til å snakke. Be dei om å begynne med ei av dei utvalde setningane og la dei elles få snakke fritt om utdraget i nokre minutt.

3. Samtale i heil klasse
Klassesamtale.

Kvar gruppe kan no få seie litt om kva dei diskuterte i gruppa og i kva grad dei likte å jobbe med «stille» lesesirkel. Syt for at så mange som mogleg kjem til orde i samtalen.

Følg gjerne opp samtalepunkta ved å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane – då opplever elevane at leseopplevinga deira blir høyrd og teken på alvor.

Kanskje eit eller fleire av desse spørsmåla kan danne utgangspunkt for samtalen?

- Visste de om at nordmenn og Noreg var involvert i hendingar som dei som er omtalt i utdraget?
- I kva grad trur de på det som står i utdraget?

Lærerveiledning til Faktafyk 2019: utarbeidet av Foreningen !les

- Kvifor trur de at dette er lite omtalt i dei norske historiebøkene?
- Trur de at det ble oppfatta som greitt å ha slavar på denne tida? Kvifor?
- Kvifor trur de at nordmannen Hesselberg skreiv ned så detaljerte opplysningar om korleis dei ulike avlivingsmetodane verka?
- Kva synest de om at dei tre slavane (Samuel Hector, Mikkel og Jacob) blei straffa sjølv om dei aldri vedgjekk å ha planlagt noko opprør?
- Kvifor trur de at styresmaktene var så omhyggelege med å straffe dei slavane som var mistenkte for opprørsplanar eller lovbrøt?
- Kva for ei historie gjer størst inntrykk på dykk?

Avslutt gjerne diskusjonen med ein meta-samtale: Vend tilbake til sjangerperspektivet frå førlese-samtalen og snakk om kva slags sakprosabok de meiner *Den norske slavehandelen* er.

- Kven er det som fortel teksten?
- Kva har det å seie for forteljinga at *Den norske slavehandelen* er ei sakprosabok?
- Kva synest de om at forfattere har vald ut akkurat desse hendingane?
- Kvifor trur de at Anders Totland har skriva ei bok om dette temaet?
- I kva grad meiner de at Totland har ein budskap med boka?
- Trur de at dette kan skje igjen, eller meiner de at vi lærer av historia?

Samanlikn gjerne utdraget frå *Den norske slavehandelen* med teksten «Kvinnekamp mot slaveriet» som de finn på s. 22 i Faktafyk.

- Kva slags likskapar og forskjellar legg de merke til?
- Kva slags kjensler og leseopplevingar sit de att med? Og kvifor? Heng det til dømes saman med korleis tekstene er fortald, illustrasjonane, kven som er hovudkarakter eller liknande?

4. Vurdering og avstemming Klassesamtale

Heilt til slutt kan de diskutere utdraget i klassa med tanke på å koma fram til ei felles vurdering:

- Likar de utdraget frå *Den norske slavehandelen*?
- Kvifor/kvifor ikkje?

Det er viktig at synspunkta vert grunngjevne, at rammene er hyggelege og at elevane får høve til å framføre leseopplevingane sine og akkurat dei meiningane og grunngjevingane som betyr noko for dei.

Les òg kva ungdom meiner om boka på uprisen.no. Les elevane heile boka, kan dei og skriva ei bokmelding på [Uprisen.no](http://uprisen.no)

Skriveoppgåver:

1. Bokmelding

Les boka *Den norske slavehandelen* og skriv ei bokmelding.

På uprisen.no ligg ei rettleiing i å skriva bokmeldingar. Same stad ligg det òg fleire bokmeldingar av *Den norske slavehandelen* og mogelegheit til å publisere bokmeldinga di når du er ferdig.

2. Skriv dagbok

William David og Engebret Hesselberg er to av dei viktige personar i utdraget.

Vel ein av dei og sjå føre deg at denne personen skriv dagbok. Skriv dernest ei oppføring i dagboka til personen du har vald.

Lærerveiledning til Faktafyk 2019: utarbeidet av Foreningen !les

Kompetansemål

norsk:

- delta i diskusjoner med begrunnede meninger og saklig argumentasjon*
- skrive ulike typer tekster etter mønster av eksempeltekster og andre kilder*
- skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende tekster på hovedmål og sidemål med begrunnede synspunkter og tilpasset mottaker, formål og medium*

samfunnsfag:

- vise korleis hendingar kan framstillast ulikt, og drøfte korleis interesser og ideologi kan prege synet på kva som blir opplevd som fakta og sanning*